



Tove Lill og Ronny Lakselv i Dråpen ferjekiosk har sidan starten 26. mars 2017 lagt vekt på gode mattilbod i eit sosialt fellesskap. (Arkivfoto)

Skifte av ferjeselskap i ruta Årsnes - Varaldsøy - Gjermundshamn fører til at Dråpen ferjekiosk truleg må innstilla drifta når året er ute. Fjord 1 godtek ikkje privat drift og ferja MF LÆRDAL, som skal gå i rute 2, vert ombygd og skal ikkje ha vanleg kiosk, truleg berre automatar. Dagleg leiar i Dråpen ferjekiosk, Ronny Lakselv, stadfestar dette overfor Uskedalen.no.

Frå 1. januar 2020 heiter det nye ferjeselskapet Fjord 1 og etter planen skal MF LÆRDAL inn i trekantsambandet med Varaldsøy som stopp. Med Nordled har MF HORDALAND vore ferja i denne ruta. Dråpen ferjekiosk har hatt kioskdirifta, eit tilbod dei reisande har sett pris på og vil sakna med endringa som kjem frå nyttår 2020.

Uskedalen.no har før gjesta ferjekiosken på MF HORDALAND og veit at alle har vore godt nøgde med kioskdirifta. Dette gjeld både mannskap og dei reisande. Dei, som reiser fast i dette sambandet, har ofte nytta høve til å få tak god og tilpassa mat i ein heller travel kvardag med den tida det tek om bord i ferja. Ei god oppleving på ferja med mat har vore eit varemerke for Dråpen ferjekiosk.

Tove Lill og Ronny Lakselv frå Uskedalen ville gjerne halde fram drifta om ein berre fekk løyve til det. Slik det ser ut no, vert drifta avslutta innan utgangen av 2019. Fram til årsskifte vil Lakselv gjera alt for å halda oppe drifta med same tilbod og kvalitet som det har vore sidan starten våren 2017.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mange nøgde reisande vil sakna Dråpen ferjekiosk når drifta truleg vert lagt ned frå 1. januar 2020. (Arkivfoto)